

Uttale frå Tokke skule angående ekstern ungdomsskule 3. juni 2024.

Vi på Tokke skule er oppteken av at «prosjekt Tokke skule» skal vere eit prosjekt med god prosess både under planlegging og gjennomføring. Med det meiner vi at brukargrupper som brukar skulen dagleg er dei viktigaste til å uttale seg. I samanheng med alternativet som gjeld eige bygg for ungdomsskulen ved Tokkehallen - ser vi at det er nødvendig å uttale oss.

Det er med stor undring vi ser at eit av alternativa er å byggje eigen ungdomsskule da dette vil gje ein utfordrande skuledag for oss som jobbar på skulen.

Her kjem nokre punkt som viser kvifor:

Timeplan

Det blir ei stor utfordring da fleire av lærarane jobbar på ulike steg. Korleis skal ein skal kome seg frå eit bygg til eit anne på same tidspunkt? Det er ikkje mogleg. Døme: Undervisning i 6. klasse fyrst time fram til klokka 09:00, og rett til undervisning i 8. klasse med oppstart kl. 09:00. Dette vil føre til mykje tapt undervisningstid for elevane då dette rett og slett ikkje lar seg gjere logistikkmessig. Det vil også vere ein fare for at klasser blir sittande utan lærar – og det er svært uheldig med tanke på eit «trygt og godt klassemiljø».

Spesialrom

Desse romma vert nytta av alle klassane. Er det da tenkt at det skal vere eigne spesialrom i kvar av bygningane? Viss ikkje blir mykje av tida «ete» opp av å farte mellom bygga. Dette gjeld spesielt rom til kunst & handverk og skulekjøkken. Det same gjeld grupperom om det ikkje blir bygd eigne.

Økonomi

Det må vere eit mål om å få ein best mogleg skule for dei pengane som er løyvde, og vi er redd for at eget ungdomsskulebygg ved elva vil bety at ein må bruke store summar på flaumsikring av bygget. Da må det løyvast meir pengar slik at sikringa ikkje tek kostnaden som er tenkt brukt på sjølve bygget. To separate bygg vil uansett fordyre prosessen betrakteleg med tanke på til dømes straum, internett, vatn og ventilasjon?

I tillegg vil det bli dobbelt opp med utstyr som kopimaskin og anna kontormateriell. I tillegg til at det blir meir å fylgje opp for vaktmeister og som har med vedlikehald av bygget.

Vikarplan

Med vår type vikarplan blir lærarane satt inn i ulike klasse ut i frå kven som er borte. Dette er ein måte vi dagleg sparar ein del vikarutgifter på. Dette vil ved ei todelt løysing bli ei stor utfordring. Nokon fråvær er ikkje planlagde, som betyr at lærarar må farte mellom ulike klasserom fleire gonger pr. dag på kort varsel. Med to bygg blir dette ein uholdbar skulekvardag for dei tilsette.

Arbeidsplassar

Lærarane på skulen ynskjer ikkje å ha eigne kontorplassar/arbeidsplassar for ungdomsskulelærarane i eit eige bygg da det ofte er samarbeid på tvers av trinna.

Personalet

Med dette alternativet vil personalet bli splitta, og vil ha særskilt treffpunkt i løpet av skuledagen og kanskje heile veka. Vi har allereie lite tid saman slik det er no. Det blir vanskeleg å gje korte beskjeder. På Tokke skule er vi heldige som har miljøterapeut, sosiallærer og helsesjukepleiar (avtalte dagar). Desse har kontakt med alle elevane på skulen, og vi ser det blir vanskeleg med dette alternativet.

Administrasjon

Kor skal leiinga halde til? Kven skal sitte kor? Ved hendingar er det viktig at leiinga er nærleiken slik at lærarane får den bistand dei treng i ein slik situasjon.

Arbeidsmiljøet

Med dette alternativet vil personalet bli splitta, og vi ser at arbeidsmiljøet på skulen vår blir ramma av dette. Det er viktig med ein triveleg kvardag og prat når det er tid til det.

Alternativet fører til at nokon lærarar blir satt i eige bygg, og får liten kontakt med resten av personalet. Arbeidsmiljøet er viktig for oss, det vil vi ikkje gi slipp på.

Vi vil med dette gi sterkt uttrykk for at det er eit veldig dårleg og lite gjennomtenkt alternativ sett frå vår side. Skulen er for liten til å dele opp med eige bygg for barneskule og ungdomsskule. Vi ynskjer heller at skulen blir bygd med soner for dei ulike gruppene, både med tanke på bygningsmasse, men også ute i skulegarden. Avsluttar med å seie at dette alternativet er noko vi verkeleg ikkje ynskjer.

Helsing oss på Tokke skule